



Lund og Laastad Arkitekter AS
Strandgaten 201
5004 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/33 - 19/13110

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
26.04.2019

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg - parkeringsplass- Gbnr 124/26 Keilegavlen

Tiltak: Etablering av parkeringsareal
Byggjestad: GBNR 124/26 Keilegavlen
Tiltakshavar: Sijoni Invest AS
Ansvarleg søkjar: Lund og Laastad Arkitekter AS

Teknisk drift har den 04.04.2019 fått oversendt søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for etablering av parkeringsplass ved gbnr 124/26 Keilegavlen.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Biloppstillingsplass for gbnr 124/26 ønskes fjerna frå gbnr 124/24 og 25. Tiltakshavar har inngått avtale med grunneigar av gbnr 124/1 om å få nytte gamal vegtrase (stengd avkjørsle) som oppstillingsplass for 2 kjøretøy. Det vert difor søkt om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for etablering av parkeringsareal for gbnr 124/26 på gbnr 124/1. Erlæring frå grunneigar ligg føre.

Drøfting:

Parkeringsplasset ønskjes etablert med ei minste avstand frå midt kommunal veg på 8 meter. Avstand frå kant kommunal veg vert då minimum 5 meter. Vegen er retaltivt lite trafikkert og parkeringsarealet vil ikkje komme i konflikt med siktzone i nye avkjørsle frå kommunal veg.

Samandra/konklusjon:

Lindås kommune finn det forsvarleg å kunne gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom ytterkant parkeringsplass og midt kommunal veg skal være minimum 8,0 meter. Minste avstand til kant kommunal veg vert da minimum 5,0 meter.
- Tiltak skal være plassert slik at tekniske krav til avkjørsle vert stetta.



- Det skal være etablert snuareal på eigen grunn.
- Lindås kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som er plassert i byggegrense mot veg. Dersom det under drift og vedlikehald av kommunal veg skulle oppstå skader på tiltaket eller parkerte kjørety er dette kommunen uvedkomande. Eigar av tiltak må sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skader.

Det er med heimel i veglova § 29 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune ved Byggesak
Sijoni Invest AS

Fabrikkgaten 5 5059

BERGEN

Mottakarar:

Lund og Laastad Arkitekter AS

Strandgaten 201 5004

BERGEN